


## PRØVEFISKERESULTAT - AUSTRE DYRATJØRN – 11.09.2002

### Omtale av tjørnet:

- Tjørnet har eit areal på 11,1 ha og ligg på 1177 moh.
- Tjørnet drenerar til Skulevikåi.
- Gyteforholda er vurdert å vera gode.
- Vasskvaliteten er truleg god vurdert utifrå berggrunnen i området som dominerast av fylittskifer.

### Omtale av fisken og fisket:

- Tjørnet vart prøvofiska ei natt med ein W. Jensen prøvegarnserie og er tidlegare prøvofiska i 1997. Tal i parentes er tal frå prøvofisket i 1997.
- Fangsten var 64 fisk, største 292 g (500 g).
- Minste tillete maskevidde er 35 mm.
- Gjennomsnittleg K-faktor 0,98 (1,14).
- Nesten all auren frå 24 cm var ljøs raud eller raud i kjøtet.
- Mageinnhaldet var luftinnsekt og plankton.
- Gjennomsnittsvekta har minka frå sist prøvofiske (1997), frå 323 til 109 g.
- Fordeling av fangsten i lengdegrupper gjev denne tabellen:



### Tiltak/konklusjon:

- Gjennomsnittstorleiken har minka, materialet.
- Det er tilstrekkeleg rekruttering i tjørnet.
- Det er ikkje grunnlag for å endra endra fiskereglar eller gjera spesielle tiltak i tjørnet.
- Tjørnet er lite brukt til garnfiske og bør truleg prioriterast til stongfiskarar.